



Kinn kommune

Profilmanual

Profilmanualen presenterer Kinn kommune sin grafiske profil. Manualen er ein verktøykasse med reiskaper for at Kinn kommune skal stå fram tydeleg og einskapleg i all kommunikasjon.

Profilmanualen inneheld detaljerte retningslinjer for bruk av grafiske element som kommunevåpen, fargar, typografi og profilelement.

I tillegg blir det presentert eksempel på korleis dette kan tilpassast i daglig bruk – på postale trykksaker, annonser, PowerPoint presentasjonar, osv.

Spørsmål? Kontakt: post@kinn.kommune.no.

KOMMUNEVÅPEN

| | |
|---|------|
| Primærversjon og høgtidsversjon | s. 4 |
| Kommunevåpenet – beskytta område | s. 5 |
| Kommunevåpenet med typografisk signatur | s. 6 |

BRUK AV KOMMUNEVÅPENET

s. 7

| | |
|-----------------------------------|-------|
| Feil bruk av kommunevåpenet | s. 11 |
|-----------------------------------|-------|

TYPOGRAFI

s. 12

FARGEPALETT

s. 15

PROFILELEMENT

s. 16

POSTALE TRYKKSAKER

| | |
|--------------------|-------|
| Konvolutt | s. 17 |
| Visittkort | s. 18 |
| Omslagsmappe | s. 19 |

ANNONSER

s. 20

POWERPOINT

s. 21

ROLLUPS

s. 22

ARBEIDSKLEDE

s. 23

BILDEKOR

s. 24



PRIMÆRVERSJON

Blå Pantone 3005 C på kvit bakgrunn.
1 pt strek rundt.





HØGTIDSVERSJON AV KOMMUNEVÅPENET

Blå Pantone 3005 C + 12% svart raster som skal illustrere sølv.
Utan strek.

Denne versjonen av kommunevåpenet skal kun nyttast ved spesielle høve.
I ordførarkjede, ved jubileum, celebret besøk og liknande.

I trykt versjon skal den alltid trykkast i spesialfargar, evt. folierast for å oppnå
eit eksklusivt resultat.




BESKYTTA OMRÅDE

Kommunevåpenet skal vere klart og tydeleg.
Derfor er det viktig å gi rom for luft rundt kommunevåpenet.

Området rundt kommunevåpenet skal haldast fritt for andre element og sikre kommunevåpenet si lesbarheit og tydelege framstilling.



X = 1/4 del av kommunevåpenet si høgde.



Berthold Akzidenz Grotesk REGULAR er brukt i typografien.

Dette er ei samstilling av kommunevåpen og typografi i forhold til kvarandre.

Det er utvikla ein horisontal versjon, og to vertikale versjonar. Når kommunevåpenet står aleine brukast midtstilt, horisontal versjon.



I tillegg er det utvikla ein versjon til bruk i lag med dei ulike tenesteområda i Kinn kommune.

Når kommunevåpenet skal brukast i lag med namnet på eit tenesteområde, brukar ein horisontal versjon med toppjustert tekst.



Kinn kommune



Kinn kommune



Kinn kommune



Kinn kommune

POSITIV VERSJON

Kommunevåpenet bør alltid stå fram i god kontrast til bakgrunnsfarge eller bilde for optimal lesbarheit.

Kommunevåpenet skal nyttast i originalfarge med svart tekst på lyse bakgrunnar.

På mørke bakgrunnar med heildekkande flate skal kommunevåpenet nyttast i originalfarge med kvit tekst.

På mørke bakgrunnar med mønstrete flate (f.eks. foto) skal kommunevåpenet nyttast i originalfarge med kvit tekst.

I trykte media skal det alltid brukast .eps- eller .ai-filer, i PMS- eller CMYK-fargar som angitt på s. 4. EPS/AI: Vektorbaserte filformat. Det vil sei at dei kan skalerast utan at kvaliteten blir redusert.

På skjerm skal .jpg og .png brukast i RGB-fargar. Her må ein hugse på at kommunevåpenet kan bli uklart ved skalering.




POSITIV VERSJON


Kommunevåpenet bør alltid stå fram i god kontrast til bakgrunnsfarge eller bilde for optimal lesbarheit.

Kommunevåpenet skal nyttast i originalfarge med svart tekst på lyse bakgrunnar.

På mørke bakgrunnar med heildekkande flate skal kommunevåpenet nyttast i originalfarge med kvit tekst.

På mørke bakgrunnar med mønstrete flate (f.eks. foto) skal kommunevåpenet nyttast i originalfarge med kvit tekst.






NEGATIV VERSJON

På svart bakgrunn med heildekkande farge skal kvit variant (negativ versjon) med kvit tekst nyttast.

Negativ versjon kan og nyttast i lag med dei tre støttefargane angitt på s. 15.

Det er berre lov å bruke negativ versjon som vist her, på hovudfargen PANTONE 3005C.





Kinn kommune

SVART/KVIT VERSJON

Kommunevåpenet i svart/kvitt nyttar ein i trykksaker som berre har svart trykkfarge (f.eks. avisannonser).



Kinn kommune
INNOVASJON OG UTVIKLING



Kinn
kommune



Kinn kommune

DØME PÅ FEIL BRUK AV KOMMUNEVÅPENET



PROPOSJONAR

Kommunevåpenet sine proporsjonar skal ikkje endrast. Skaler alltid kommunevåpenet proporsjonalt.



FARGAR

Kommunevåpenet skal alltid framstillast i riktige fargar, det er ikkje lov å bytte fargar på våpenet.



LESBARHEIT

Sørg for at kommunevåpenet med tilhøyrande tekst har nok kontrast til bakgrunnen for optimal lesbarheit.



NEGATIV VERSJON

Det er ikkje lov å bruke negativ versjon på mønstrete bakgrunn. Dette for å forhindre uønskt bakgrunn på kommunevåpenet. Det er berre lov å bruke negativ versjon på svart bakgrunn eller i kombinasjon med dei tre støttefargane angitt på s. 15.

AaBbCc

Berthold Akzidenz Grotesk nyttast på alt trykt materiell (rapportar, annonser, plakat og visittkort).

Berthold Akzidenz Grotesk San-Serif er ein moderne og allsidig skrifttype, som er både lettlest og tydeleg. Den er velegna for både overskrifter og brødttekst.

Berthold Akzidenz Grotesk LIGHT
abcdefghijklmnopqrstuvwxyæøå 1234567890
ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZÆØÅ 1234567890

Berthold Akzidenz Grotesk REGULAR
abcdefghijklmnopqrstuvwxyæøå 1234567890
ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZÆØÅ 1234567890

Berthold Akzidenz Grotesk REGULAR ITALIC
abcdefghijklmnopqrstuvwxyæøå 1234567890
ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZÆØÅ 1234567890

Berthold Akzidenz Grotesk BOLD
abcdefghijklmnopqrstuvwxyæøå 1234567890
ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZÆØÅ 1234567890

EKSEMPELTEKST – Berthold Akzidenz Grotesk Light 10 / 12

Vidare arbeid med båtrutene

Måndag føremiddag hadde eg saman med rådmannen i Vågsøy og plansjefen i Flora møte med fylkeskommunen om arbeidet med ny anbodsrunde på lokale og regionale båtruter. Eg vil både rose og kjefte. Samferdsleavdelinga skal ha ros for den måten dei inviterer til innspel og deltaking i det førebuande arbeidet til det som skal leie til ei ny anbodsrunde. Det er lett for oss å få dei i tale, og vi får høve til å streke under det som er viktig for oss i ein ny anbodsperiode.

AaBbCc

TYPOGRAFI FOR DAGLIG BRUK

Verdana er nytta som sekundærtypografi. Det er ein systemfont som er tilgjengeleg på alle maskiner. Denne fonten skal nyttast i all intern og ekstern kommunikasjon når primærtypografien ikkje er tilgjengeleg. Verdana skal også nyttast på web.

Verdana REGULAR

abcdefghijklmnopqrstuvwxyæøå 1234567890
ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZÆØÅ 1234567890

Verdana REGULAR ITALIC

abcdefghijklmnopqrstuvwxyæøå 1234567890
ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZÆØÅ 1234567890

Verdana BOLD

abcdefghijklmnopqrstuvwxyæøå 1234567890
ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZÆØÅ
1234567890

EKSEMPELTEKST – Verdana 9 / 11

Vidare arbeid med båtrutene

Måndag føremiddag hadde eg saman med rådmannen i Vågsøy og plansjefen i Flora møte med fylkeskommunen om arbeidet med ny anbudsrunde på lokale og regionale båtrutene. Eg vil både rose og kjefte. Samferdsleavdelinga skal ha ros for den måten dei inviterer til innspel og deltaking i det førebuande arbeidet til det som skal leie til ei ny anbudsrunde. Det er lett for oss å få dei i tale, og vi får høve til å streke under det som er viktig for oss i ein ny anbudsperiode.

Kinn kommune – *for kysten*

Quatro Slab REGULAR
abcdefghijklmnopqrstuvwxyzæøå 1234567890
ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZÆØÅ 1234567890

Quatro Slab REGULAR ITALIC
abcdefghijklmnopqrstuvwxyzæøå 1234567890
ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZÆØÅ 1234567890

Quatro Slab MEDIUM
abcdefghijklmnopqrstuvwxyzæøå 1234567890
ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZÆØÅ 1234567890

Quatro Slab MEDIUM ITALIC
abcdefghijklmnopqrstuvwxyzæøå 1234567890
ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZÆØÅ 1234567890

Quatro Slab SEMI BOLD
abcdefghijklmnopqrstuvwxyzæøå 1234567890
ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZÆØÅ 1234567890

Quatro Slab ULTRA BLACK
abcdefghijklmnopqrstuvwxyzæøå 1234567890
ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZÆØÅ
1234567890

TYPOGRAFI FOR Å SKAPE EI TYDELEG VISUELL MARKERING

Quatro Slab nyttast for å skape ei tydeleg visuell markering av ein bodskap, eit slagord eller ei overskrift. Det er ein sterk font som nyttast i overskrifter og som utheva tekst i dokument, Power Point presentasjonar, annonser, plakatar og trykksaker.

EKSEMPEL OVERSKRIFT – Quatro Slab SemiBold 12 / Berthold Akzidenz Grotesk Light 10

Vidare arbeid med båtrutene

Måndag føremiddag hadde eg saman med rådmannen i Vågsøy og plansjefen i Flora møte med fylkeskommunen om arbeidet med ny anbodsrunde på lokale og regionale båtruter. Eg vil både rose og kjefte. Samferdsleavdelinga skal ha ros for den måten dei inviterer til innspel og deltaking i det førebuande arbeidet til det som skal leie til ei ny anbodsrunde. Det er lett for oss å få dei i tale, og vi får høve til å streke under det som er viktig for oss i ein ny anbodsperiode.

EKSEMPEL – Quatro Slab SemiBold Italic 24

– *for kysten*

HOVUDFARGE




STØTTEFARGAR



PANTONE 631 C
CMYK: 70 / 8 / 20 / 0
RGB: 54 / 176 / 201




PANTONE 7463 C
CMYK: 100 / 80 / 45 / 46
RGB: 0 / 43 / 73



PANTONE WARM RED
CMYK: 0 / 80 / 85 / 0
RGB: 255 / 68 / 56



BRUK AV STØTTEFARGAR

- Støttefargar kan nyttast til overskrifter og som bakgrunn i detaljar på webside, brosjyremateriell eller annonser.
- Den mørkeblå brukar ein i offisielle samanhengar.
- Den varmraude fargen skal nyttast som aksentfarge (kontrast/framheving).
- Bruk ein, maks to fargar om gongen.



Profilelementet er ein del av baugen i kommunevåpenet. Profilelement skal berre nyttast som dekorelement. Som hovudregel brukar ein profilelementet i samanheng med kommunevåpenet på trykksaker.






Berre nettadresse
på konvoluttar.

Format 90 x 50 mm.

2-sidig trykk med bakside i hovudfarge (PANTONE 3005 C)
med baugen som profilelement.



Omslagsmappe i hovudfargen PANTONE 3005C med kommunevåpen i kvitt og profilelement.



Eksempel på forskjellige typer annonser.



Kinn kommune

Sjukepleiar

på natt for heimeteneste Eikefjord

Sjå vår heimeside for meir informasjon om stillinga: kinn.kommune.no

| SØKNADSFRIST | ARBEIDSSTED | STILLINGSTYPE | ARBEIDSTID |
|--------------|-------------|---------------|------------|
| 16.10.2019 | Eikefjord | Fast | Heiltid |



Kinn kommune

Musikk - Visuell kunst - Dans

KINN KULTURSKULE

Flora kulturskule og Vågsøy kulturskule er no slått saman. Det er ein kulturskule i Kinn med to avdelingar, ein i Flore og ein i Måløy. Gå inn på kinn.kommune.no/kulturskule og les meir om dei estetiske faga musikk, biletkunst og dans.



Kinn kommune

Ein stolt og handlekraftig kystkommune med blikket retta mot framtida

STOLT
Vi framsnøkkar og heldar på kvarandre – og inviterer alltid inn.

FRAMOVERLENT
Vi opnar opp og utfordrar det etablerte. Ved å tenke stort skapar vi nye alliansar og er klare for framtida.

HANDLEKRAFTIG
Med kunnskap og tempo skal vi gjennomføre og setje spor.

kinn.kommune.no



Kinn kommune

KLIPP HEKKEN og sørg for ein trygg skuleveg




Små barn på skuleveg blir lett usynlige bak store hekkar og buskar. Det kan føre til farlege situasjonar i trafikken.

Vi oppfordrar dei som bur langs trafikkerte vegar om å klippe hekkar og buskar på eigendommen sine. Buskar og tre må ikkje vekse ut over fortau og veg. I følge veglova er det den som bur langs veggen som er ansvarleg for å klippe hekk og buskar slik at det er god sikt ved vegkryss og avkjøringar.

Før skulestart er det ekstra viktig at du har klipt hekken.

– barn er mjuke, bilar er harde




Eksempel på malar til PowerPoint presentasjon.







Kommunevåpenet skal komme tydeleg fram på arbeidsklede og utstyr. Det skal nyttast positiv versjon med kvit tekst på mørk bakgrunn, og positiv versjon med svart tekst på lys bakgrunn. Negativ versjon av kommunevåpenet med kvit tekst kan nyttast på arbeidsklede i støttefargane angitt på s. 15. Storleiken på kommunevåpenet må tilpassast kvar enkelt trykkflate på dei forskjellige klesplagga. På rygg kan kommunevåpenet ta litt meir plass.



Bildekoren blir montert på frontdørene og på bilen si bakside. Plassering og storleik som vist på illustrasjon. På lyse bilar nyttar ein positiv versjon med tekst i svart, og på mørke bilar nyttar ein positiv versjon med kvit tekst.



Kinn kommune

Organisasjonsnummer: 820 956 532

kinn.kommune.no